Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hamre

Emne: Tradisjoner ... Bygdelag. Dalebygda

Oppskr. av: Sverre Kvamme Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen G.nr. 10 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lat det vera sagt med ein gong: Ytre Osterfjords-bygdene har - og er - fattige på dyr og fuglar. Ein har difor ikkje jakt som attåtnæring, - men ung-gutar har gjennom tidene skote litt orrfugl, ein og annan rev og hare. Bjørn, ulv, gaupe, jerv og grevling, ~~mår~~ har vore ukjende i manns minne. Skogmår var kjend, men berre som streifdyr. Oter er kjend, men lite jakta på. — Om ulv har eg elles skrive noko om i samanheng med eit anna emne. — Siste ulvejakta på Osterøy v/ manngard.

Rev blir fanga i revehus, og ved å ta bølet hans ~~med~~ når han har ungar, - også ved tilfeldig skyting.

Harejakt — reint tilfeldig

I eit område av Alversund, Lindås Hosanger og Hamre kommunar er det noko hjort. Noko større

16415

jakting på den har det ikkje vore. No er jakta på den organisert, - men dette er utan etter nye reglar.

Bygdene her merka lite til auka revdyrploge under siste krig. Reven er somme år meir ålmenn enn andre tider. Dette er etter gamal regel: Er det mykje snö i indre Østerfjorden og her snöbert, søkjer reven hit. Er her og så snö, er revetalet mindre.

Eg finn ikkje å kunna opplysa om segner og truer vedkomande jakting. Det er helst forteljingar henta frå blad og böker. - og ikkje noko som höyrer bygda til.

16415